



Seljord kommune

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Att.: Eilif Brodtkorb

MELDING OM VEDTAK

Dykker ref: Vår ref Sakshand: Arkivkode: Dato:
2017/221-3 Torunn Raftevold Rue, M11 30.01.2017
torunn.rue@seljord.kommune.no

Høyringsuttale - Hjartdals- og Tuddalsreguleringa

Her følgjer særutskrift av planutvalet si sak nr. 5/17.

Med helsing

Torunn Raftevold Rue
Natur- og Miljørådgjevar
Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift

Kopi til:

Skagerak Energi AS	Postboks 80	3901	PORSGRUNN
Hjartdal kommune	Sauland	3692	SAULAND
Wilhelm Kleivi	Rugdeveien 31	1395	HVALSTAD
Tor Lien	Svartdalsvegen 414	3841	FLATDAL
Bjørg Minnesjord Solheim	Blikavegen 22	3841	FLATDAL
Arne Jørgen Heddejord	Admiral Børresens vei 19	0286	OSLO



Arkiv: M11
 Saksnr.: 2017/221-2
 Sakshand.: Torunn Raftevold Rue
 Direkte tlf.:
 Dato: 17.01.2017

Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval	5/17	25.01.2017

Høyringsuttale - Hjartdals- og Tuddalsreguleringa**Saksdokument:**

Høyring av revisjonsdokument for Hjartdølautbygginga – brev fra NVE til mottakarliste Hjartdals- /Tuddalsvassdraget – revisjonsdokument fra Skagerak Energi AS
 Dokument elles i høyringssaka – alt ligg på www.nve.no

Saksutgreiing:

Seljord kommune har blitt oppmøda om å skrive høyringsuttale til revisjonsdokument for Hjartdals-/Tuddalsreguleringa. NVE sende ut brev datert 08.09.2015. Det går fram av mottakarlista at Seljord kommune ikkje har fått dette tilsendt. Vi kunne sjølv sagt ha funne ut dette sjølve og teke initiativ, men det har ikkje blitt gjort. Kommunen har nyleg blitt oppmøda av grunneigar i området om å gje ei uttale.

I brevet frå NVE av 08.09.2015 står det at vilkåra for følgjande konsesjonar kan reviderast etter nærmare reglar:

- Kgl.res. av 12.12.1952: Regulering av Bonsvatn, Windsjåen, Kovvatn, Skjesvatn, Breivatn og Mykkelstuvatn
- Kgl.res. av 29.7.1955: Overføring av øvre del av Skorva og Vesleå til driftstunnelen
- Kgl.res. av 31.5.1957: Overføringa av Heiå i Åmotsdal til Skjesvatn i Hjartdalsvassdraget

Skagerak Kraft AS (SK) har på bakgrunn av krav og føringar frå NVE, utarbeidd revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumenta og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsetje reviderte vilkår. Det er NVE som har stilt krav som sikrar at revisjonsdokumenta held ein god nok kvalitet. Alle dokumenta ligg på www.nve.no

Seljord kommune har vore i kontakt med sakshandsamar i saka i NVE, og vi har fått lov til å kome med ei uttale sjølv om tidsfristen er ute.

Seljord kommune har også vore i telefonkontakt med tre av grunneigarane i området for å få innspel og høyre deira erfaringar i området Krakset, Heiåi og Småtjønn. Det har ikkje vore tid til å halde folkemøte e.l.

Vurdering:

Med bakgrunn i at saka har kome i siste liten, det er kort frist, og det ikkje har blitt halde folkemøte eller blitt orientert om denne saka på politisk nivå, finn vi det nødvendig å referere ein del frå samandraget i revisjonsskrivet her, jf pkt. 0.2:

"Generelt har SK ikke opplevd skader og ulemper ved utbyggingen som man ikke forutså på konsesjonstidspunktet. Det har ikke oppstått nye skader eller ulemper for miljøet. Etter SKs oppfatning hadde konsesjonsmyndighetene et godt og riktig beslutningsgrunnlag da konsesjonen ble gitt. Man har forutsett de skadene og ulempene som har vist seg, og håndtert disse gjennom eksisterende vilkår.

På konsesjonstidspunktet vurderte man det som påregnelig at reguleringen ville ha virkninger for særlig fiske, friluftsliv og landskap. Virkningene på fiske har blitt mindre enn forutsatt og Hjartdal-Tuddalsområdet er ansett som et relativt godt fiskeområde. De landskapsmessige konsekvensene har vært som forventet. Det er ikke erosjonsproblem i vassdraget av nevneverdig betydning, utover det som var forventet. Allmennhetens bruk av området til hyttebygging og rekreasjon har til dels blitt muliggjort gjennom kraftverksutbygging. Det er ikke grunnlag for pålegg om minstevannføring med bakgrunn i fiskeoppvandring eller manglende gyteforhold på noen strekninger innenfor reguleringsområdet. Skagerak overholder en minstevannføring i Omnesfossen på 2,5 m³/s om sommeren og 1,0 m³/s om vinteren. Et eventuelt pålegg vil gi et betydelig produksjonstab uten tilsvarende miljømessige fordeler."

Det er særleg Heiåi og konsekvensane i dette vassdraget som Seljord kommune vil kommentere. Heiåi startar langt inne i Svartdalsheiane som Kraksetåi og Rauåi frå diverse små og litt større vatn, tjønnar og bekkar. Det finst fleire namn på vasstrengane vidare innover.

Eit lite stykke sør for Kraksetstaulen vart det bygd ein overføringstunnel frå Heiåi til Skjesvatn i Hjartdal. Nedbørsfeltet der blir kalla Kraksetåi bekkefelt. Nedstraums dammen blir det kalla Heiåi bekkefelt.

Overføringstunnelen til Skjesvatn frå Heiåi ligg i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde som er leveområde for villrein.

I tidlegare tilsvarende revisjonssaker skriv NVE:

"Vi viser til at hovedformålet med en revisjon er å bedre miljø- og naturforholdene ved å avbøte ulemper og negative virkninger ved utbyggingen. Bestemmelser i konsesjonen om høyeste og laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) samt overføringer kommer ikke inn under hva som kan revideres. Revisjonen åpner imidlertid for å vurdere endring i blant annet manøvreringspraksis, minstevannslipp, biotopjusterende tiltak og utsetting av fisk. NVE vil følge OEDs "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner" av 25.05.2012 i sin behandling."

Vilkårsrevisjon har primært som mål å kompensere ulemper påført ålmenta ved vasskraftutbygging.

Det var dåtidas vilkår og føresetnader som vart lagt til grunn i løvet til konsesjonane og manøvreringsreglementet. Hjartdals-/Tuddalsreguleringa vart gjennomført i ei tid då omsynet til natur og miljø og kunnskapen om dette, direkte og indirekte verknader av vassdragsreguleringar, var heilt annleis enn i dag. Dette ber også anlegga og områda rundt sterkt preg av. Under den vidare handsaminga av saka i NVE er dette avgjeraande omsyn å ta med i vurderinga. Kommunane har næringsinteresser i form av kraftinntekter når det gjeld

vilkårsrevisjonen, men dei har også interesser for at miljøet vert teke forsvarleg vare på i framtida.

Vi må ta utgangspunkt i forholda slik dei er i dag når det gjeld vurderinga av behovet for revisjon av konsesjonsvilkåra. Dei nye vilkåra vil gjelde for minst 30 år framover. I løpet av dei åra som har gått sidan Hjartdøla mfl vart regulert, har bruken av vassressursane endra seg, og ein må ta høgde for framtidige endringar. Då denne reguleringa fann stad, var det først og fremst for å skaffe straum til vinterforbruk. No ser ein etter kvart at regulermønsteret endrar seg slik at magasina også kan bli tappa ned midt på sommaren. Revisjonen skal først og fremst vere ei modernisering av konsesjonsvilkåra. Dei konsesjonsvilkåra som vert sett i dag, varierer stort frå regulering til regulering, avhengig av dei enkelte naturinngrep og reguleringa si konfliktgrad med andre interesser. Typisk er det at regulermagasin i område med høg menneskeleg aktivitet i mindre grad enn magasin i område utan slik aktivitet vert underlagt store reguleringshøgder eller store vasstandspendlingar.

Høringsutkastet som er laga for denne reguleringa er, som vi har erfart tidlegare, ikkje særleg godt pedagogisk skrive. Det er mykje mynta på fagfolk innan hydrologi. Vi meiner at det er ei stor svakheit i heile høringsssaka. Potensialet for opprusting og utviding skal kommenterast i revisjonsdokumentet. Vi ber også om at nyleg opprusting av dam ved overføringstunnelen til Skjesvatn vert teke med i vurderinga av denne vilkårsrevisjonen.

Seljord kommune meiner minstevassføringa i Heiåi, utan tvil, må vere tema i denne revisjonen. Det bør bli gjort ei ny undersøking for å sjå på minstevassføringa nedstraums dammen ved overføringstunnellen i Heiåi jf. Vassforvaltningsplanen for Viken vassregion og kravet i vassforskrifta om minst godt økologisk potensial (GØP) i slike vassførekomstar. Elva har svært lita vassføring; noko som verken er fint å sjå på eller gjev gode tilhøve for fisk eller levande organismar.

Hensikta med vilkårsrevisjonen er å oppgradere vassdraga til dagens miljøstandard. I dag er minstevassføring pålagd. Det er viktig at område som har mista si vassføring pga. regulering eller bortfall av nedbørsområde, blir sett i stand for å dekke opp behovet for framtidig ålmenne interesser. Mindre vassføring er også ei regulering, og påverkar vassdraget. Opphoping av masse i elva og vegetasjon som etablerer seg på større areal i elveleiet, er ein direkte følge av mindre vassføring. Dette er ofte til hinder for at fisk skal kome opp elveleiet, og det er negativt for friluftslivet. I NVE sin rettleiar *Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg*, side 83-85, "Elveløp med redusert vannføring" er endringane i vassdrag med redusert vassføring omtala. Denne viser også til anleggseigars ansvar for drift og vedlikehald.

Opphoping av massar i elveleiet og attgroing er endringar i miljøet som det ikkje blei teke nok omsyn til når konsesjonen vart gjeven. Resultatet i Heiåi er at elva i praksis er tørrlagt store delar av året på ei strekning på ca 1,5 km frå dammen og nedover. Ved bommen på Småtjønn kjem det inn ein bekk frå aust (via Jønntjønn) som betrar situasjonen noko vidare nedover. Ulempa med tørrlegging og stilleståande små vasspyttar, gjer at det blir danna botnslam; noko som igjen fører til attgroing.

Det at denne strekninga av elva ligg innanfor eit verneområde burde tale for ei minstevassføring. Vatnet går ikkje tapt slik ein kan oppfatte SK; det er fleire eksisterande og truleg planlagde kraftverk som utnyttar vatnet før det renn ut i Norsjø.

Dersom tunnelen til Skjesvatn og Hjartdøla av ein eller annan grunn må stengast, så må sannsynlegvis vatnet bli ført via det "gamle" vassdraget; altså i elva forbi Småtjønn. Det er difor viktig at denne "nødtraséen" ikkje er attgrodde, men framleis kan ta unna vatnet dersom det skulle bli nødvendig. Om ikkje, vil ein slik situasjon kunne føre til flaum. I tilfelle flaum, kan vatnet i slike tilfelle, ta nye vegar. Det er mogleg at ein bør sleppe større mengder vatn i periodar for å reinske det opphavlege vassdraget.

Kommunane går ut frå at NVE gjerne saman med fylkesmannen, konsesjonæren og kommunane vil gjennomføre ei synfaring i heile det aktuelle området som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å utføre ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Rådmannen si tilråding:

1. Seljord kommune ber om at kommentarane her i saka blir tekne med i vilkårsrevisjonen av konsesjonen til Hjartdals-/Tuddalsreguleringa.
2. Seljord kommune ber særleg om at vassføringa i Heiåi nedstraums overføringstunnelen til Skjesvatn blir vurdert og gjort tiltak i; slik at vassdraget ikkje gror att.
3. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å utføre ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 25.01.2017

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 25.01.2017

1. Seljord kommune ber om at kommentarane her i saka blir tekne med i vilkårsrevisjonen av konsesjonen til Hjartdals-/Tuddalsreguleringa.
2. Seljord kommune ber særleg om at vassføringa i Heiåi nedstraums overføringstunnelen til Skjesvatn blir vurdert og gjort tiltak i; slik at vassdraget ikkje gror att.
3. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å utføre ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Utskrift til:

NVE
Skagerak Kraft AS / Skagerak Energi AS
Hjartdal kommune
Aktuelle grunneigarar i området